



Cecilie Middelthon-Moe  
Nipedalen 254  
5164 LAKSEVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/4167 - 23/56265

Saksbehandlar:  
Lars Ottar Sagstad  
lars.ottar.sagstad@alver.kommune.no

Dato:  
04.07.2023

## Fortsatt mangler ved søknaden - gbnr 342/31 Eikeland

Tiltak: dispensasjon  
Byggjestad: Gbnr: 342/31  
Tiltakshavar: Cecilie Middelthon-Moe  
Ansvarleg søkjar: Hugo Andre Hope

Kommunen syner til søknad motteke 23.05.2023

Søknaden har manglar og vert ikkje behandla før kommunen har motteke supplerande dokumentasjon.

1. Søknad om utsleppsløyve må sendast til Alver kommune v/ avd. Miljø og tilsyn
2. Søknad må innehalde tilstrekkeleg informasjon for behandling av saka.
  1. **Anleggstype.** Slamavskiljarens storleik og produkttype må vere opplyst i søknaden.
  2. **Tømmeavtale.** Signert tømmeavtale med godkjent renovasjonsfirma for tømning med båt må leggjast ved søknaden.
  3. **Situasjonsplan.** Situasjonsplan skal vere målsett med avstand til bygningar og nabogrense. Lengde ut i og djupne i sjø skal vere påført situasjonsplanen.
  4. **Leidning i sjø.** Utlegging av leidning i sjø skal vere godkjent av Bergen og omland Farvassforvaltning IKS før arbeida vert igangsett.
  5. **Nabofråsegn.** Leidning som kryssar naboeigedom krev samtykke frå grunneigar.
3. <https://www.alver.kommune.no/contentassets/a04e223a384a4f67a77cad84fc090e4a/ny-rettleiing-til-sokjar.pdf>
4. <https://skjema.kf.no/FormsEngine/Home/FrontPage?wizardid=5636&resultsetindex=1&externalid=4631&languagecode=nn>

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 04.09.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med venleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Lars Ottar Sagstad  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Søknad om utsleppsløyve Alver kommune - skjema

### **Mottakarar:**

Cecilie Middelthon-Moe	Nipedalen 254	5164	LAKSEVÅG
Hugo Andre Hope	Nipedalen 254	5164	LAKSEVÅG
Hugo Andre Hope	Nipedalen 254	5164	LAKSEVÅG